

**Møtereferat**

Dato: 05.10.2017

Emne:	<b>Referat frå møte i samarbeidsprosjektet Nordhordland 28.09.17</b>	
Til stades:	Øyvind Oddekalv, Rune Nesse, Kari Bruvik, Gurid Espe, Torbjørn Mjelstad, Svein M. Nordvik, Linda Farestveit, Per Nordmark (del av møtet), Svein Heggheim (del av møtet), Hillevi Runshaug	
Forfall:	Heidi Bjønnes Larsen, Kjersti Daland Næss	Sak: 2014/10030-117
Møtetid:	Torsdag 28.09.17 kl 0830-1015	Møtestad: Fylkesbygget, møterom 932

**Møteleiar:** Hillevi Runshaug

**Referent:** Hillevi Runshaug

**Agenda**

1. Tilbakemeldingar/informasjon frå samarbeidspartnerane – relevante bidrag i prosjektet
2. Workshop i november – planlegging – ansvar?
3. Prosjektplan og konkretisering / justering / ansvar
4. Finansiering av prosjektet/ressursar - prosjektleiar
5. Erasmus+ prosjektet: Konkretisering og gjennomføring
6. Eventuelt

1	<b>Tilbakemeldingar/informasjon frå samarbeidspartnerane relevante bidrag i prosjektet</b>	
	<p>Referat frå møtet i samarbeidsforum 26. juni 2017 på Knarvik vgs manglar. Ein del av det som vart drøfta på møtet er innarbeidd i politisk sak, jf. lenke.</p> <p>I etterkant av møtet i juni har Knarvik vgs og Austrheim vgs hatt møte lokalt. Skulane har fått lærarar med på arbeid med prosjektet sjølv om det er spørsmål knytt til mål og kva modellar ein kan få til for utprøving med meir av undervisninga ute i bedrifter. Skulane har sett på læreplanar for vg1 og vg2, og har tenkt noko gjennom kva bedrifter som er aktuelle i samarbeidet om BA og TIP. Skulane ser meir på kva som kan skje av opplæring i bedrift og på skule, og dei er i idéfase med tanke på progresjon i fellesfag. Frå 2020 er ny tilbodsstruktur planlagt innført.</p>	Læreplanar – nye rammer for skule-bedrift
	<p>HFK har prøvd fleire modellar, m.a. starta TAF i HFK. TAF-modellen er godt likt. HFK har vekslingsmodellar i gang. «BI-prosjektet» som HFK har initiert, ser på roller og ansvar i fag- og yrkesopplæringa. I den første fasen av BI-prosjektet vart det gjennomført ei kartlegging ved ein del skular. Det er ønske om nye modellar for yrkesfag og ønske om forslag til pilotforsøk. BI etterlyste meir kreativitet i samband med kartlegginga. BI v/Johan From utfordra til å tenkje meir utanfor boksen. Det er variasjon mellom skular og bransjar både når det gjeld omfang av samarbeid og kvalitet i samarbeid mellom skule og bedrift. Bedrifter med få tilsette er ofte positive, men</p>	BI-prosjektet – meir kreativitet?  Variasjon omfang og kvalitet

	<p>kostnaden kan vere for stor i høve til forpliktande samarbeid om tiltak. Samarbeid mellom ulike bedrifter om lærepass eller utprøving i praksis kan i enkelte tilfelle gjere det mogleg å delta i samarbeid. Kjernen i samarbeidsprosjektet er at ein prøver ut modellar der bedriftene i større grad «eig» praksisopplæringa. I prosjektet vil vi sjå på korleis ein kan utvikle samarbeid om utstyr, lokale, teknologi og felles kompetanse-utvikling.</p>	Samarbeid mellom fleire bedrifter om utprøving og lærepass?
	<p>Samarbeidsprosjektet er knytt til Plan for Regional kompetanse og arbeidskraft, og kompetansebehovet i regionen vil det vere viktig å få eit bilde av.</p>	
	<p>Fleire av møtedeltakarane viste til konferanse på Kongsberg, der modellar for samarbeid vart presentert, m.a. K-Tech med veksling mellom bedrift og skule for å få opplæring. Det vart stilt spørsmål ved i kva grad næringslivet deltek med finansiering. For å kunne dekkje heile læreplanen / alle kompetansemål er det ofte behov for fleire bedrifter. Inntak til enkelte modellar kan bygge på karakterar og intervju eller i mindre grad ha karakterfokus og meir vekt på intervju og interesse. Ved TAF i Hordaland vel skulen ut elevar ut frå karakterar, elevane må ha realfaga, og bedrifter er med på intervju – minst to intervju.</p>	Modell og inntakssystem
	<p>NONL arbeider særleg med utdanningsmesse i slutten av november, lærlingekontrakter, prosjekt utdanningsval i Lindås og involvering av bedrifter. Nordhordland bruker ikkje clusteromgrepet (klynge), men samarbeidet er sterkt. NONL oppmoda om at vi ikkje skal seie «vi har prøvd alt», men at vi må tenkje nytt. Tydelegare informasjon og påverknad overfor ungdomsskulane kan bidra til å halde oppe andel elevar som vel yrkesfag. Austrheim vgs opplever vekst i BA med fulle klasser, og ser også potensiale i arbeidslivsfaget i ungdomsskulen med tanke på samarbeid og rekruttering.</p>	Nordhordland Næringslag
	<p>Det vart orientert om status for arbeidet i forsøk med Yrkesfagkoordinatorar. Det er ikkje YF-koordinator i Nordhordland, men Vivian Kårbø er kopla til prosjektet. Ei målsetting er å sikre overgang vg2 – lærepass, utvikle skriftlige avtalar og skaffe fleire lærebedrifter i nedslagsfeltet til skular. Det er viktig å sjå på ulike grunnar til at elevar ikkje får lærepass. Opplæringsarenaer og faget Yrkesfagleg fordjuping er særsviktig.</p>	Kopling og felles retning for forsøk med YF-koordinator og samarbeids-prosjektet NH
	<p>EBA (Entreprenørforeningen Bygg og Anlegg (EBA) har fått konsesjon på ca 130 elevar i privatskole med BA. Konsesjonen gjeld i 3 år, noko som inneber at tilbodet må starte innan 3 år om ein skal oppretthalde konsesjonen. Konkurranse situasjon kan oppstå, og det vart diskutert korleis ein kan påverke rekrutteringstrendar og vala som elevene tek. Kva er det som ikkje er prøvd?</p>	Nytenking i konkurranse-situasjon
2	<b>Workshop, planlegging og ansvar</b>	
	<p>Skulane har arbeidd med og har funne aktuelle bedrifter. Det er ønske om å få fleire bedrifter med. På konferansen Kongsberg var det kontakt med bedrifter, og ein har snakka med enkelte om deltaking i workshop. Ein vil</p>	Regionleiar kallar inn til møte i planleggingsgruppe snarast mogleg.

	<p>tydeleggjere kva vi vil oppnå med workshop (mål) , og korleis ramme inn oppdraget i det vidare arbeidet. Det er behov for presise spørsmål knytt til kva ein skal belyse ved hjelp av workshop. Korleis bedrifter ser si rolle kan vere ein av innfallsvinklane. TIP og BA (vg1 og vg2) har ulike løp i dag.</p> <p>Følgjande punkt vert å ta med i det vidare arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kick off – workshop – dialogmøte</li> <li>• Ramme inn med mål for prosjektet – tydeliggjøre roller og ansvar</li> <li>• Idedugnad – brainstorming</li> <li>• Realisme og overføringsverdi</li> <li>• Tidspunkt vert avtala så snart det let seg gjere (i tidsrommet november – januar)</li> </ul>	Deltakarar frå skulane, fagopplæring, næringslivet
3	<b>Prosjektplan og konkretisering / justering / ansvar</b>	
	<p>Den prosjektplanen vi arbeidde med i vårhavåret, er dels arbeidd vidare med og tilpassa til framstilling i politisk sak. Fasane i prosjektet er tydelegare inndelt, og framstillinga er noko mindre detaljert. Noko er konkretisert ut frå møtet i Knarvik i juni, t.d. workshop i november. I arbeidet i haust vil problemstillingar og tiltak verte konkretisert og utvikla vidare.</p>	Saka vart utsett pga for lite tid i møtet.
4.	<b>Finansiering av prosjektet/ressursar – prosjektleiar</b>	
	<p>Finansiering av prosjektet/ressursar vart teke opp. Skulane deltek med dei ressursane som kan prioritast til prosjektet. Skolene har gode kontakter, og det er behov for å nå vidare til fleire bedrifter. På møtet vart det gitt uttrykk for at det er behov for ressursar til dette. HFK dekkjer 50 % stilling (kompetanseprosjektet), og det vart stilt spørsmål ved om ressursar kan omprioriterast eller om det er behov for auke. Senter for yrkesrettling vert frå oktober 2017 organisert som Karriere Hordaland under Regionalavdelinga. Karrieresenter vert etablert i Knarvik med to tilsette. NONL stilte spørsmål ved om delar av stilling ved Karrieresenteret kan brukast inn mot prosjektet, med tanke på m.a. kontakt med næringslivet. Til dette vart det peika på at nye stillingar må prioritere kjerneoppdraget.</p> <p>Det vart vidare diskutert korleis ein kan få til samarbeid og fordeling mellom aktørar. Stilling knytt til skulebruksplanen er lyst ut, og tilsettingsprosessen er i gang. Det er planlagt at 20 % av denne stillingsressursen er prosjektleiing, og noko av mandatet for samarbeidsprosjektet er å bidra til kunnskapsgrunnlag til neste rullering av skulebruksplanen. I det vidare arbeidet er det viktig å leggje opp gode rutinar for samhandling og at ulike aktørar har open dialog og samarbeid med tanke på å dra vekslar på kvarande og oppnå synergieffekt.</p> <p>Ein vil kome attende til om det er behov for prosessleiing i tillegg til prosjektleiar for å ivareta behovet lokalt for kontakt skule-næringsliv.</p>	NONL og seksjonleiar skule ser nærmare på bruk av ressursar i etterkant av møtet.
5.	<b>Erasmus+ prosjektet: Konkretisering og gjennomføring</b>	
	Per Nordmark orienterte om status for prosjektet. HFK har fått melding om	PN kontaktar rektorane

godkjent prosjekt «Urban Centres» som er knytt til regional plan for attraktive senter. Målsettingar er breie og gode tilbud for at det skal vere interessant å bo og arbeide i regionar, samt korleis ein kan påverke utvikling og involvere ungdom, investorar, lokale myndigheter for å få til tiltak som bidreg til lokal utvikling.

HFK skal ha koordinatorrolle i prosjektet som tek til 01.12.17 og går fram t.o.m. januar 2020. Innhaldet er knytt til korleis ein kan organisere samarbeid i samfunnsutvikling, påvirke utdanning og tilpasse til behov i lokalsamfunnet. Transnasjonale møte inngår i prosjektet, og den første samlinga er i HFK i januar/februar 2018. Ein tek til med planlegging av program med det første, og ein vil leggje til rette ein arena med brei deltaking frå næringsliv, kommunar, skular og andre.

Knarvik vgs er med som formell partner i prosjektet, medan begge skulane deltok i søknadsprosess. Både Austrheim vgs og Knarvik vgs vil få høve til å ha deltakarar i prosjektet. Det kan vere aktuelt at begge skulane kan ha presentasjonar på samlingar i prosjektet, t.d. på Kick-off-samling etter nyttår. Presentasjon av prosjektet (powerpoint) vert lagt ved referatet.

for mogleg besøk og møte.

Kan Erasmus+ prosjektet gi auka innblikk i modellar for fag- og yrkesutdanning og modellar for samarbeid skule-næringsliv og lokalsamfunnsutvikling?

Vedlegg:

Prosjekt YFK

Presentasjon Erasmus+ prosjektet